

## OM BIKUBEGANG

Bikubegang er ei vandring i både det litterære og det konkrete Odda, med opplesingar og folkesnakk og historiske kuriosa.

I *Bikubegang* tar forfattaren Frode Grytten deg med til 24 stopp i sitt «univers». Det er sett opp 24 skilt på hus eller stader i Odda og det er laga eiga bok med kart; *Bikubegang* (utg. av Odda kommune, 2005)

Den faktiske vandringa finn stad årleg under Litteratusymposiet i Odda, og startar utanfor Murboligen, bustadblokka der alle hovudpersonane i romanen «Bikubesong» bur.

I løpet av turen tar Grytten oss til fleire stopp i Odda. Til frelsesarmeens, og den gamle platesjappa til Bessie. Han tar oss med til flytebrygga på kaia der partisekretæren frå Bikubesong ramlar i Sørfjorden straks han går ut av sjøflyet og endar opp med ein våt og uleselig 1.mai-tale. Når vi kjem til gatekrysset øvst i Gågata, fortel Grytten om slaget i Skrevet i 1931, då kommunistane og sosialdemokratane sine 1. Mai-tog brasa saman i eit gedigent masseslagsmål, og han fortel om dei legendariske snopedamene i den gamle snopebutikken i gatata.

Det er utarbeidd manus med formål om å utvikle eit opplesingsprodukt vi kan tilby turistar og andre grupper, utan Grytten, men det blir ikkje det same. Vi ynskjer no å dokumentere (film og lyd) vandringa, både for å bevare det for ettertida og å teste ut ditgital litteraturformidling. Gjennom eit samarbeid mellom Odda kommune og Kulturtanken har dei kopla oss opp mot UiB-miljø, dei fremste innan digitalisering og bruk av ny teknologi i litteraturformidling.

## HEIMSTADDIKTING / STAD-BUNDEN LITTERATUR

Heimstaddikting kan skildrast som dikting om lokalmiljøet og kvardagsheltar, der handlinga er lagt til forfattarens heimstad. Forfattarane skriv eit litterært verk, og miljøet vert lagt til heimstaden deira. I seinare tid har denne diktinga blitt kalla ei litterær kartlegging av kongeriket, nettopp på grunn av skildringane av nærmiljøet.

Odda er skrive inn i litteraturhistoria gjennom Oddaforfattarane, og Frode Grytten er den fremste respresentanten for det. Du kan ta Grytten ut av Odda, men aldri Odda ut av Grytten. Han har sjølv sagt at at det var i det han skjønte at hans Odda kunne vere ei like magisk rammerforteljing som James Joyes sitt Dublin at det løsna med historiefortelljinga.

I Odda har vi i mange år jobba systematisk med litterær turisme, Litteratusymposiet tett knutt til staden og dei lokale forfattarane. Men mange stader har sin Grytten. Metodikk og formidlinga vi utvikler vil vere ei pilotprosjekt som andre kan dra nytte av.

## PARTNARAR

Odda ungdomsskule, Kulturtanken, UIB, Media City Bergen.